



**Sakshandsamar:**

Torbjørn Hasund

E-post: torbjorn.hasund@sfj.no

Tlf: 57 65 62 73

**Vår ref.**

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

**Dykkar ref.**

## Møtereferat - planforum 01.11.2013

Stad: Videomøte, Flora, Haugesund, Førde, Leikanger

**Referent:** Torbjørn Hasund

**Vedlegg:**

Vedlegg 1. Brev om oppstart av Kystplan

Vedlegg 2. Notat til HPN om status i kartleggingsprosjektet

---

### Kl. 09:30 – 11:00 Flora kommune – Kommuneplanens arealdel

**Til stades:** Anders Espeseth - Flora kommune, Lina Ørnehaug – Norconsult, Torbjørn Lysne – Mattilsynet (fiskehelse), Terje Systad NVE, Synnøve Stalheim, Oddgeir Aardal - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Hanne Marie Utvær – Fiskeridirektoratet vest, John Morten Klingsheim – Kystverket Vest, Birgit Tansøy (KA), Frode Hovland, Elisabeth Aune (NA), Trond Sundby, Torbjørn Hasund (PSA) - Sogn og Fjordane fylkeskommune

Espeseth om arbeidet med planen. Endring av LNF-spreidd - bustad og næring til LNF-spreidd -bustad, hytte og næring. Framdrift; dei har mista eit år i høve framdriftsplan i planprogrammet, målet er ferdig vedtatt plan i løpet av 2015. Gjer ikkje overordna strandsoneanalyse. Gjer KU på innspel etter at dei dei mest kontroversielle innspela er sila ut.

#### 1. KU og ROS på alle nye arealformål

Stalheim – korleis tenkjer de å få fram konsekvensen for strandsone, byggegrense, allmenne interesser og biomangfald? Ørnehaug - setje opp i KU kva dei vil fokusere på av naturverdiar, landskapsverdiar etc. Stalheim - landskap, bruke fylkesatlas og andre eksisterande kjelder for å sjå konsekvensar for. Kartlegginga må vere på eit nivå som gjer det mogleg å ta ei avgjerd på konsekvensane. **Ønskjer ei runde med kommunen før dei legg ut konfliktfylte område.**

Aardal – er kjerneområde landbruk vurdert? Ørnehaug - bruker markslag, omdisponering av dyrka mark vil gje negativ konsekvens på KU. Aardal - nytte landbrukskompetansen ein har i kommunen for å få inn kunnskap.

Stalheim – beredskap (etter e-post frå Eline Orheim): Vi tilrår at kommunen i ROS-analysen gjer ei overordna vurdering av kva farar og uønskete hendingar som er aktuelle i Flora, og deretter går gjennom kvart nye utbyggingsområde (fare for fare, bruk gjerne sjekkliste a la den i reguleringsplanrettileiaren.) Konklusjonane frå ROS-analysen kan gjerne takast inn i KU for kvart utbyggingsområde dersom kommunen ønskjer det.

Til innhaldet i analysen:

- Sjå på innspela de har fått før, særleg Florølandet nord, og innspela knytt til ulykkesrisiko og stormflo
- Involver brannfagleg kompetanse i ROS-analysen
- Klimaendringar
- Ver obs på uheldig samlokalisering (t.d.: barnehage og farleg stoff, transport farleg gods langs drikkevasskjelder) etc.

Klingsheim – problemstillingar med auka press på bruk av fiskerihamner, ta med i vurderingane at det vert auka press med auka bustad og hyttebygging i området. Anbefaler at det vert sett eit kartsymbol for fiskerihamn.

Systad – KU og samfunnssikkerheit, markere skredutsette område som omsynssone. Omsyn også til flaum og jordskred. Jordskred går ofte lenger ut enn NGI karta viser. Vurdere å setje byggjegrænse også mot mindre elvar, minimum 20 meter.

Tansøy – fleire innspel med ønskje om å byggje mellom gravrøyser. KA ser på desse som samanhengande kulturminne og vil ikkje ha bygging mellom. Råder til omsynssone på kjente kulturminne, ho nemnde Kinnakirka, helleristningsfeltet i Ausevika og kystrøysene på Årebrot som eksempel. For kulturminnemyndet vil ikkje kunne gå med på hytter/bustad/næring ved eller i nærområdet til kjende automatisk freda kulturminne som til dømes helleristningsfeltet i Ausevika og ved steinbrotet på Stakalleneset. På Svanøy er spora etter Haugianarane / gruverdrifta eit regionalt viktig kulturminne – og ein viktig attraksjon for besøkande og fastbuande på Svanøy. Hyttebygging må ikkje komme i konflikt med restane som står att etter gruverdrifta. Generelt kan ikkje KA seie seg einige i arealbruken i eit område før dei har sett om det er kulturminneverdiar på arealet eller ikkje. Ørnahaug – silinga av innspel som er gjort no er gjort ut frå politiske føringar i planprogrammet, ytterlegare siling etter konsekvensar som kjem fram i KU.

Arlen Synnøve Bidne - (ikkje til stades, merknader gjennom e-post) - Flora kommune har fylgjande vedtaksfreda anlegg:

- Svanøy hovudgard – fredinga omfattar hovudhuset
- Ytterøyane fyrstasjon – fredinga omfattar alle bygningane i anlegget og areal rundt
- Stabben fyrstasjon - fredinga omfattar alle bygningane i anlegget areal

Tilrår at alle vedtaksfreda bygningar vert synleggjort i kartet og omtala i planomtalen.

Fredinga av Svanøy hovudgard omfattar berre hovudbygningen. Området rundt hovudbygningen samt eldre busetnad knytt til hovudgarden er viktig å ta vare på. Tilrår at kommunen legg ein omsynssone med føremål bevaring over eit høveleg område rundt hovudbygningen, hagen og annan eldre busetnad knytt til hovudgarden, samt gode retningslinjer.

Dei kulturhistorisk mest verdifulle kyrkjene i tida etter 1650 er listeført og gjeve ekstra vern jf. Kirkerundskrivet T-3/2000. I Flora kommune er det kun Eikefjorden kyrkje som er listeført. Vi ber om at byggeforbodssona rundt kyrkja vert markert i plankartet og at det vert vurdert om det er behov for ein omsynssone som går ut over dette. Vi vil også minne om at alle kyrkjer har ein byggeforbodssone på 60 meter frå kyrkja, jf.

Kirkerundskrivet T-3/2000, og ber om at dette vert markert i plankart og omtala i planomtalen.

Stalheim – reduksjon av storleik på eit område etter KU er ikkje berre uproblematisk. Ønskjer at det går tydeleg fram kva negative konsekvensar som likevel kan stå igjen, sjølv etter reduksjon av arealet. Ørnehaug - vil søkje å redusere område før KU, i samarbeid med dei som kjem med innspel, ut frå kva som er realistisk å faktisk få til.

## 2. Avklare korleis legge inn eksisterande (og ny) akvakultur.

Espeseth – kan vi ta vekk føremålet FFFNA? Stalheim – Må vise det arealet som er faktiske anlegg, om du bandlegg heile fjordområde set det avgrensingar for andre interesser. Tilrår fortøyingane innanfor området avsett til akvakultur, evt. føresegner knytt til fortøyingar. Fiskeforbodssona bør i det minste inngå i føremålet. Utvær – Sette av faktisk nytta areal i overflata, desse areala er då avklara i kommuneplanprosessen, akvakulturområde bør setjast av med storleik som gjev eit visst slingringsmonn. Areal til fortøyingane bør ikkje inngå i dette arealføremålet, men det må skildrast i føresegnene at fortøyingar til akvakulturanlegg kan gå utanom område sett av til akvakultur, med dei avgrensingane som er naudsynt i dei ulike områda, som til dømes at fortøyingar ikkje kan gå inn i område sett av til arealføremål Fiske.

Hovland – hugse at areal ein i dag ikkje tenkjer er akvakultur kan verte aktuelt, og det er fornuftig å ta høgde for større areal. Eksisterande område best at ein set av areal slik det er nytta i praksis, ikkje som sirkel. Einig med Utvær om at fortøyingane ikkje skal visast i kart, men ta det gjennom føresegner. Krav om nedsenka fortøyingar kan setjast. Må ikkje kome i konflikt med viktige fiskeriområde.

Klingsheim – planlegge etter behov. Viktigast for Kystverket er overflata med anlegg pluss sona med ferdselsforbod. Avklaring av kva område som faktisk er i bruk. Dei gjer sine vurderingar opp mot behovet til næringstrafikk på sjø, kommunen sjølv må vurdere annan type ferdsel. Farledsstripene er ikkje eksakte, krev fagleg skjøn når andre interesser nærmar seg farledene. Hovland - nemnde eit konfliktområde mellom sjøtrafikk og akvakultur, aust for Batalden, oppdrettar her har opplevd skip som har ankra opp mellom fortøyingane til eit akvakulturområde.

Espeseth - må vi KU-utgreie eksisterande anlegg i denne runden? Stalheim - om dei vert utvida må dei det. Oppfølging mellom kommune, fylkesmann og fiskeridirektoratet i høve dette også biomangfald. Stalheim viste til Gulen sin metodikk, i deira arbeid med arealplanen. Klingsheim – kystverket ser ikkje behov for KU-utgreiing av eksisterande anlegg.

Utvær – anbefaler ikkje KU ved endring av område sett av med akvakulturføremål og som har eksisterande anlegg i dag. Ved faktisk endring av sjølve anlegget vil dette vere underlagt eigen konsesjonsprosess, og KU vil vere ein del av denne prosessen. Stalheim – kunne ikkje vere einig i det. Om føremålet vert utvida kan det føre til konsekvensar for andre interesser. Arealet er opna i k-plan sjølv om det vert gjennomført KU i konsesjonsprosessen.

Ørnehaug – ryddejobb på status for alle akvakulturområda. KU dersom endring i arealbruken i høve gjeldande plan. Stalheim - støtta slik opprydding.

Espeseth – dei ønskte å ta ut område for skjel, det har ikkje vore interesse for å nytte desse areala. Kommunen ønskte og å ta vekk FFFNA-områda og berre ha reine A-område og reine FFFN område. Espeseth – areal for akvakultur uaktuelle i dag vert i hovudsak liggande i planen. Det vil verte gjort ei vurdering på dette, men det vil verte lagt til grunn at dei kan verte aktuelle i framtida. Sundby informerte kort om kartleggingsprosjektet og oppstart med regional plan for kysten.

Klingsheim – to viktige ankringsområde som og ligg i fylkesatlas må tas inn i planen: Eit nord om Rota, og eit på Husefest. Anbefaler å bruke føremålet ferdsel, der det i føresegnene er sagt at det er ankring som er viktig. Det finnast ikkje eige formål for ankring.

Espeseth – 2AIf, 2BIf og 2CIf – det har kome inn ønskje om konsesjon i desse områda, der er 2AIf og 2CIf som er mest aktuelle. Mattilsynet ønskjer ikkje konsesjon for laks i desse areala, dei ønskjer buffersoner nordover, i høve sjukdomar og lakselus. Inntil ein veit meir om spredningsfaren, bør ein unngå anlegg for matfisk av laks her. Utvær – kan oppretthalde arealet, men med andre artar enn laks. Lysne – lukka anlegg for laks vil og kunne vere eit alternativ.

### 3. Oversikt over sjøbuer og naust

Espeseth – registrering av eksisterande eldre sjøhus og sjøhusmiljø. Ønskjer å ha ei oversikt over slike bygg / område for å nytte den til å seie noko om områda. Målet er at det skal verte lettare å leggje til rette for ny bruk, gjere det lattare å få til bruksendring utan å måtte gå gjennom dispensasjonar. Mange står til forfall, ønskjer å nytte kommuneplan som verkty. Døme på endring er omgjering til fritidsbustader. Stalheim - FM og kommunen har vore i kontakt om dette tidlegare. Åland og Tansøy frå FK KA vert med på møte i Rognaldsvåg (regi Flora kommune) for å få uformell dialog på korleis ein kan nytte sjøbuer samtidig som ein tek vare på kulturhistoriske verdiar. Stalheim – FM ønskjer at ein får fram grad av privatisering. Tansøy – bra å få fram kvalitetar i ei slik oversikt.

### 4. Kystvegtrase

Espeseth – kommunen tenkjer eigen KU prosess på det, og resultatet inn som trase i arealdelen og sleppe k-delplan. Sundby uproblematisk med ikkje juridisk linje, og nemnde Bremanger og Vågsøy sin plan.

Espeseth - vi treng gjere vurdering på trase nordover til Bremanger grense og sørover til Askvoll grense, det kan vere to kommunedelplanprosessar. Det beste er om KU-prosessen gjer at ein kan kome ned til ei alternativ line for trase. Ørnehaug – om ein skal gjere val av trase vert det fort ein eigen prosess med kommunedelplan. Stalheim – usikker på kva dette vil ha å seie for framdrifta av kommuneplanprosess. Nemnde Jølster kommune som aktuelle å ta kontakt med i høve det arbeidet dei har gjort på E39. Espeseth – eit alternativ kan vere å sjå på 2-3 alternative liner som vert vist som ikkje

juridiske bindande linjer i arealdelen. Vidare val mellom alternativa kan takast i planprogram for ein kommunedelplan.

#### 5. Småbåthamn og anlegg (ekstrapunkt som kom opp i møtet)

Ørnehaug – Veldig mange innspel, særleg frå folk ute på øyane. Handlar om småbåtanlegg eller småbåthamn. Korleis angripe det i høve visning og korleis sile? Stalheim – kommunen må vere edruelege i høve kor mykje ein legg ut. Slike anlegg vert ofte lagt ved gruntområde, og kjem i konflikt med marinbiologisk mangfald, friluftsliv og bading. Må vurdere det opp mot behovet, og sjå samla for større område. Ørnehaug - kan leggje inn tomte som spreidd LNF, og gjennom føresegner legge inn kai. Må då leggje føringar for eventuelle inngrep i sjø. Utvær - einig i at det må takast ei siling og vurdere i høve marinbiologiske verdiar. Få inn eksisterande opplysningar frå Havforskningsinstituttet. Diskusjon om korleis ein kan leggje til rette for dette. **Stalheim - sjekkar opp lovverket i høve problemstillinga.** Ørnehaug – ønskjer silingskriterie for småbåthamner, og treng overordna strategi før siling. Stalheim - må leggje til grunn storleik og faktisk behov, konfliktpotensiale og eventuelle behov for infrastruktur.

Stalheim – gode erfaringar med synfaring ved utarbeiding av arealdelen. Då særleg i potensielle konfliktområde. Kommunen definerer problemstillingar og konfliktområde og inviterer fagetatane.